



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1553 - 16/12086

Saksbehandlar:  
Marius Flemmen Knudsen  
marius.knudsen@meland.kommune.no

14.06.2016

## Søknad om bygging av skogsbilveg på Gbnr. 25/11 og 16 Fosse i Meland kommune

**Tiltak: Bygging av skogsbilveg på ca. 150 meter i vegklasse 3, med velteplass og snuhammar.**  
**Gbnr: 25/11 og 16**  
**Kommune: 1256 Meland**  
**Frist for uttale: 13.07.16**

Meland kommune har motteke søknad frå Aud Sølvi Fosse Drengenes om å få byggje ein skogsbilveg på Fosse. Det vert søkt om å få byggje ein veg i vegklasse 3 på ca. 150 meter, med velteplass og snuhammar.

Bygging av vegen vil vere eit viktig tiltak for å kunne ta ut skogen i området på ein effektiv og økonomisk måte. For å drive kostnadseffektivt og sikre gode økonomiske rammer i skogbruket, er bygging av veg eit viktig tiltak for å redusere driftsutgiftene. Vegen har eit dekningsområde med ca. 1600 m<sup>3</sup> hogstmoden skog. Vegen vil kunne frigjere meir skog på sikt ved at fleire eigdommar kan nytte same veg og velteplass ved framtidige skogdrifter. Ein veg vil i tillegg til betre økonomiske rammer vere viktig for gjennomføring av framtidige skjøtseloppgåver. God tilkomst vil lette tilkomst ved skjøtsel, og redusere kostnadane ved gjennomføringa av skjøtselstiltak. Det vert også lettare for eigar å halde oppsyn med skogen ved ein enkel tilkomst. For å kunne gjennomføre skjøtselstiltak til rett tid er det viktig å halde oppsyn med skogen. Det er også viktig i samband med ulike hendingar som storm m.m.

Vegen er også planlagd nytta i samband med jordbruksdrift og vil vere positiv i samband med beitepussing, gjødsling m.m. Delar av området er blaut og ein veg vil betre tilkomsten til areala og minske faren for køyreskader på jorda i samband med jordbruksdrift.

Etter forskrift om planlegging og godkjenning av landbruksvegar, Kap. 3 sakshandsaming, vedtak og vilkår mv § 3-1, skal kommunen før eit vedtak fattast, innhenta dei uttaler som er naudsynte, jf. § 1-1. Kommunen ynskjer å klarleggje om det er automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne på staden før søknaden vert handsama. Saka vert oversendt Hordaland Fylkeskommunen og kulturavdelinga i Meland kommune for uttale.

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no  
Postboks 79, 5906 Frekhaug  
Besøksadr: Havnevegen 41 A  
5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no  
Telefon +47 56 17 10 00  
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722  
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

Kommunen sender også saka over til Fylkesmannen i Hordaland for uttale jf. § 3 i landbruksvegforskrifta, der Fylkesmannen vert gitt høve til å uttale seg i sakar om nybygging av skogsbilvegar.

Vedlagt følger søknaden, kart med planlagt vegtrase og oversiktskart.

Med helsing

Marius Flemmen Knudsen  
skog- og miljøkonsulent

**Vedlegg:**

Søknad om bygging av landbruksveg med kart

**Kopi til:**

Aud Sølvi Fosse Drengenes	6924	HARDBAKKE
---------------------------	------	-----------

**Mottakere:**

Fylkesmannen i Hordaland		5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune v/ kultur-og idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN
Meland kommune kulturavdelinga v/Ane Bysheim	Postboks 79	5906	FREKHAUG